



Notat

Dato: 21.07.2015
Arkivsak: 2014/21176-12
Saksbehandlar: ingdosk

Til:
Fylkesutvalet

Frå:
Fylkesrådmannen

Uttale Kystverket Vest - Rullering av Nasjonal Transportplan 2018 - 2027

Bakgrunn

Kystverket arbeider med rullering av NTP (Nasjonal Transport Plan) for perioden 2018 – 2027. Som del av dette arbeidet sender Kystverket framlegg til prosjekt til handsaming hos fylkeskommunen. Kystverket ber fylkeskommunen vurdere forslaget i høve til aktuelle fylkeskommunale planar og andre næringsmessige og transportmessige tiltak. Prosjektporteføljen for Hordaland består av eit fiskerihamnetiltak; Langevåg fiskerihamn Bømlo. Dette er ein eksisterande fiskerihamn som nyttes av servicebedrifter knytt til fiskeri- og havbruksnæringa. Tiltaket består i å byggje molo frå Urdatang til holmen Store Bleikja som ligg nord øst for Urdatang. Lengda på denne moloen vert omlag 425 m. Problemet i dag er; mangel på kaiplass/næringsareal og eksponering for vind og vær. Tiltaket har eit kostnadsanslag på Kr 180 mill i perioden 2018 til 2021.

Tilbakemeldinga frå fylkeskommunen vil være rådgivande for Kystverket si regionale prioritering av tiltak. Dei viktigaste næringsretta føringane er tatt med under. Det er viktig å presisere at denne uttalen ikkje omtaler dei arealplanmessige og miljømessige konsekvensar av tiltaket som fylkeskommunen har ansvar for.

Frist for tilbakemelding er sett til 15. august 2015. Forslaget vert administrativt handsama og vist som meldingssak til fylkesutvalet.

Forankring i aktuelle fylkeskommunale planar

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

Havbruks- og fiskerinæringa er særskild viktige for Hordaland. Med ei sterk forskingsklynge på området og hovudkontora til fleire store selskap i sektoren, peiker planen på at marin næring er

viktig for sysselsettinga i distrikta. For Hordaland fylkeskommune er det avgjerande å vere med på å leggje gode rammevilkår for ei næring med godt potensiale for vekst og utvikling.

Dei tre hovudstrategiane i næringsplanen er; meir entreprenørskap og innovasjon, fleire med meir relevant kompetanse og ein vel fungerande Bergens region og attraktive regionale senter.

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015

Bransjar med særskilt fokus: Marin sektor

- Stimulere til bærekraftig marin sektor i hele verdikjeda..
- Sikre næringa tilstrekkelig tilgang på sjøareal for vidare vekst og utvikling.

Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, Høyringsforslag 2015

Høyringsforslaget har ei rekkje aktuelle koplingar til det aktuelle hamnetiltaket og difor tillagt vekt i denne uttalen. Nokre av dei viktigaste næringsretta føringane er tatt med under.

«Kommunar med attraktive næringsområde med tilgang til sjø har eit konkurranseføremon for maritim næringsutvikling. Næringsområde med tilgang til hamn/kai skapar ofte ei klyngedanning av verksemdar innan same bransje. Det er viktig å sikra dei gode hamneområda, med omsyn til god tilkomst både frå sjøsida og landsida.»

Dei regionalt viktige næringsområda ved sjø er peika ut på grunnlag av eit sett utvalskriterier. Dei skal ha god tilkomst frå sjøsida, inkludert god tilknytning til hovudfarlei, og romsleg kai areal med djupvasskai. Dei skal ha kort tilkomst frå hovudvegnettet og hovudleia langs kysten. Områda skal dessutan ha ei viss «tyngd», det vil seie næringsområde som er store i areal, har eit høgt tal på arbeidsplassar, har høg verdiskaping, eller det skal vera ein næringstype som er spesielt viktig for regionen.

- Det er viktig at næringsområde som ligg til sjø vert prioritert for sjøretta næringar.
- Maritim sektor skal ha gode vilkår for utvikling gjennom trygge farleier og hamneområde.
- Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggjast i eit langsiktig perspektiv og sikrast framtidige utvidings-moglegheiter.
- Ved planlegging av nye eller utviding av eksisterande næringsområde, må behov for næringsutvikling og arbeidsplassar tilleggas vekt. Samstundes skal dette vektast opp mot omsyn til allmenne interesser.
- Med auka press på utbygging og aktivitet i strandsona må sentrale og viktige fiskerihamnar takast vare på og prioriterast for fiskerinæringa. Dette omfattar både landareal og sjøareal.

Høyringsforslag til Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger synleggjer og prioriterer fire større fiskerihamnar i planområdet; Salthella, Storebø og Torangsvåg i Austevoll kommune, og **Hovlandshagen/Langevåg i Bømlo kommune.**

Fylkesdelplan for fiskerihammer i Hordaland er utarbeida for perioden 1997 – 2000. Planen er ikkje lengre i bruk som avgjerdsstøtte.

Konklusjon

Bømlo er bland dei største fiskerikommunane i Hordaland og har lange tradisjonar innan fiske, akvakultur og verksemder knytt til aktiviteter på havet. Fiskeri- og havbruksnæringa gir positive ringverknader for nyetableringar og utvikling i kommunen. **Hovlandshagen/Langevåg i Bømlo kommune er ei prioritert hamn for Hordaland fylkeskommune.**

Tilskot til dette hamneprosjektet vil trygge liggeplasser for fiskebåtane, mottaksanlegg og vidare transport av fisk og fiskeprodukta. Ikkje minst er denne hamnen i særstilling grunna utstrakt bruk som servicehamn for akvakulturnæringane og annan industri. Ei meir funksjonell molo for hamnen er avgjerande for om fiskeflåten kan nytte hamna optimalt, og dermed om den maritime aktiviteten og utvikling i regionen kan oppretthaldast.

Tiltaket vil gjere hamnen vesentleg meir framtidsretta med tanke på å kunne støtte stadig større fartøy og ei industri i utvikling. Fylkeskommunen vurderer tiltaket til å vere ei viktig lekk i den nasjonale verdiskapinga og for å sikre syssel- og busetting i kommunen. Fylkeskommunen vil tilrå at prosjektet vert innvilga støtte.